




Hordaland Bonde- og Småbrukarlag



Årsmelding 2021



**BILREKLAME - FOLIERING
 STAND OG MESSEMATERIELL
 SKILT OG DEKOR FASADEDEKOR
 KLISTERMERKERPRINT OG TRYKKSAKER
 GRAFISK DESIGN - KLESTRYKK -
 LOGO OG MERKEVAREBYGGING
 MERKEVAREBYGGING - STEMPEL**



Kvassnesvegen 58 - 5914 ISDALSTØ
 Tlf. 56 35 22 50 - www.trykkservice.no
 facebook: Garafisk-Hus - E-post: post@trykkservice.no



JAN MO A.S

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

**KRANARBEID
 TRANSPORT
 SINGEL OG SAND
 SILOBALLAR
 HALM
 CONTAINERUTLEIGE**

Innhald

Tillitsvalde i HBS 2021	4
Lokallagsleiarar 2021	5
Leiaren har ordet	7
Referat frå årsmøte 2021	11
Landsmøte 2021	15
Jordbruksforhandlingane 2021	19
Uttale til Vestland Fylkeskommune	29
Styret i arbeid	33
NIBIO-rapport: Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke	34
Prosjekt regenerativt nettverk	35
REKO-ring	36
Bondens marknad	37
Mentorordninga i landbruket	38
Bygdeutviklingsprisen	39
Frukt	40
Innlegg: Likviditetskrise i jordbruket	42
Innlegg: Lausdriftskravet	43
Årsrekneskap og budsjett	44

Bilete framsida:

Framsnying av «Bondetinget» med Kyrre Eikås Ottersen i Teater Vestland.
 Eksingedalen 25.sept. 2021.

Foto: Åse-Marie Reisæter



Tillitsvalde 2021

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Leiar:

Leif Grutle
5554 Valevåg
98639004
leif.grutle@haugnett.no

Nestleiar:

Arne Lofthus
5781 Lofthus
99355590
alofthu@online.no

Styremedlemmer:

Jarle Helland
5936 Manger
41320601
jarlehelland@hotmail.com

Anders Lundevold
Bårdsundvegen 89
5685 Uggdal
93847508
alundevold@hotmail.com

Birte Larsen
Nils Langhellesv. 20
5148 Fyllingsdalen
93207536
post@strutsefarmen.no

Irene Dalland
5680 Tysnes
95049131
irene@dallandgard.no

Tina Bøe Buer
5211 Os
41625254
tinabbuer@gmail.com

Varamedlemmer:

Dag Kyrre Lygre
5646 Nordtveitgrend
48249418
dagkyrre@gmail.com

Edel Karin Ertsås Alpen
5773 Hovland
90734254
ekealpen@kinsarvik.net

Svein Misje
Mattisbrekko 4
5366 Misje
95913082
svein.misje@bkkfiber.no

Fylkessekretær:

Åse-Marie Reisæter
Reisetevegen 122
5776 Nå
48021004
hordaland@smabrukarlaget.no

Heimeside:

www.smabrukarlaget.no

Leiarar i lokallaga 2021

Bømlo og Stord:

Svein Trygve Larsen
Kanalv.11
5437 Finnås
913 88 138
svein.trygve.larsen@gmail.com

Etne:

Tore Aga Silde
Nernesvegen 27
5590 Etne
915 45 088
tore.aga.silde@hotmail.com

Midthordland:

Dag Kyrre Lygre
Lygre
5646 Nordtveitgrend
48249418
dagkyrre@gmail.com

Kvinnherad og Kvam:

Siri Byrkjeland
Fossovegen 9
5600 Norheimsund
907 23 881
sibyrkje@online.no

Masfjorden:

Laila Furebotn
Kringlevegen 312
5983 Haugsvær
415 03 279
furebotn@hotmail.com

Osterøy:

Øystein Hole
Hosanger
5282 Lonevåg
959 01 981
eysteinhole@gmail.com

Radøy:

Oddvar Stang
Valdersnesvegen 181
5939 Sletta
907 97 773
oddvasta@online.no

Sotra og Øygarden:

Svein Misje
Mattisbrekko 4
5366 Misje
959 13 082
svein.misje@bkkfiber.no

Sveio:

Kristian Eilerås
Eileråsvegen 145
5550 Sveio
91717725
kristianeileras@hotmail.com

Tysnes:

Irene Dalland
Dallandsvegen 50
5680 Tysnes
95049131
irene@dallandgard.no

Ullensvang:

Arne Lofthus
5781 Lofthus
993 555 90
alofthu@online.no

Ulvik:

Lars Helge Ljone
5730 Ulvik
48091851
lars@ljon.no

Voss:

Nils Martin Seim
Seimsv.147
5708 Voss
48154386
nilsmartin@vossoppmaaling.no

Lauraeid Transport AS

Haukelivegen 1049 - 5590 Etne

Transport inn- og utland. Sal av grovfor/spon.

Tlf. 976 05 432 mob. 957 46 001

ALLSIDIG LASTERTRAKTOR



Pris
489.000,-

Inkludert laster - Stoll 30-16P
eks mva, frakt & klargjøring

DEUTZ-FAHR 5080 D KEYLINE

Liten og lett 2,48 m høy og 3200 kg i nytt design

- ✓ Stage V
- ✓ 75 hk - uten adblue
- ✓ 3 doble hydraulikkuttak, 540/540E PTO
- ✓ Panoramahytte med sidemontert eksos
- ✓ 30/15 girkasse med krypegir
- ✓ Skivebremsar i foraksel
- ✓ 360/70-20 + 420/70-30 dekk



ISEKI - NORGES MEST SOLGTE KOMPAKT TRAKTOR

ISEKI TC 6687

- ✓ Led arbeidslys
- ✓ Hydrostat m/cruise kontroll
- ✓ 65 Hk stage V 4-sylinder
- ✓ Valgfri hjul - Agrieller Turf
- ✓ 47,8 L hyd. pump
- ✓ Luksus Hytte m/AC -78 db
- ✓ Bakrute m/varme og visker

Pris fra
429.000,-
eks mva, frakt & klargjøring



Ta kontakt med oss i dag - post@solbergmekverksted.no
Solberg Mek. Verksted AS, Solbjørg 41, 5282 Lonevåg T: 56 19 38 38



Leiaren har ordet.

Kort oppsummert har året vore prega av Bondeopprør, eit håp som vart tend med valresultatet. Til kaos og fortvilelse.. Eit forhandlingsinstitutt som ikkje fungerer. Og eit Storting som snor seg unna ansvar for norsk matvareproduksjon og sikkerheit for nok og trygg mat til folket sitt.

Etter mange år med elendige jordbruksavtalar, gjekk Norsk Bonde- og Småbrukarlag offensivt ut i forkant av jordbruksforhandlingane og prøvde å kreve etter dei behova næringa hadde. Bondelaget hadde igjen funne fram til sitt "handlingsrom", og for å få vere med vidare i forhandlingane, måtte NBS godta ei ramme som var 1,1 milliarder lågare enn deira utgangspunkt. (I følge Hovedavtalen må jordbruket optre som ein part før det blir forhandlingar).

Samtidig bygde "Bondeopprør21" seg opp, og dette kombinert med eit val i nær framtid, var brotet i jordbruksoppgjeret eit faktum.

Me fekk ei ny regjering, men får me ein annan politikk?

Ambisjonsnivået til regjeringa for norsk jordbruk og matproduksjon er der. Og det som me spesielt må bruke for alt det er verd, er Stortingsfleirtalets ordre til Regjeringa i forbindelse med Statsbusjettet. "Stortinget ber Regjeringa legge fram ein forpliktande og tidfesta plan i løpet av 2022, for å tette inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i samfunnet.

Inntektsgapet skal tettast uavhengig av bruksstørrelse, produksjon eller landsdel".

Men kva skjer egentleg no?

Ein enorm kostnadsvekst. Internasjonal proteksjonisme. Eit Bondelag som vel å samarbeide med sine venner i dept. og parti. Og ikkje vil bruke ordinær forhandlingsveg saman med NBS. Og ei regjering som vrir seg frå ansvaret når presset kjem frå partia som dei sjølve er avhengige av for å ha eit fleirtal.

Samtidig kjem der ulike rapportar inn som ikkje akkurat er hyggeleg lesnad.

Driftsgranskingane slår fast, igjen, at Vestlandslandbruket er i botnskiktet av ei bondeintekt som i utgangspunktet er historisk låg.

Nibio-rapporten om lausdriftskrav syner at 40% av mjølkebruka er borte i 2034, om ingenting blir gjort med lønsemd og krava som heng over oss.

12 bruk i veka har lagt ned drifta dette året. Over 30000 sidan årtusenskiftet.

Andelen bonden får av butikkpris synk stadig. I 1981 fekk bonden 77% av butikkpris på mjølk, i dag ca 20%.

Slik kan ein fortsetje på mange område.

Det som er gledeleg er at NBS fungerer stadig betre som ei kraft for å betre vilkåra for bøndene. Som ein kunnskapsformidlar. Som ei klar og uredde stemme i debatten. Som eit samarbeidsfora for dei som vil forandring. Men så har me sterke krefter som vil motarbeide oss, både i og utanfor næringa.

Dei neste vekene og månadanane blir avgjerande for mange bønder og for kva jordbruk me får framover. Klarar me å halde oppe presset og gjere dei rette vala, kan det framleis gå rette vegen, både for norsk jordbruk og organisasjonen vår.

Stå på, og lukke til framover!

Leif Grutle



DUETT
- smarte løsninger

TRENG DU EIN NY SPARRINGSPARTNAR PÅ GARDEN DIN?

Tveit Regnskap er landets største kompetanse-miljø innan landbruksøkonomi og rekneskap.

Me kan hjelpe med alt av rekneskapstenester og økonomirådgeving på ditt gardsbruk.

Ta kontakt for en uforpliktende samtale.

Tlf. 52 76 71 00 eller
post@tveit.no
www.tveit.no



Lundal[®]
KVALITET SIDAN 1870

www.johslundal.no

BLI FAMILIEMEDLEM I BERGEN OG HORDALAND TURLAG

Kun kr 1325,-* for hele familien!

* Gjelder to voksne og alle barn inntil 26 år på samme adresse.
Barn inntil 12 år overnatter gratis på BHTs hytter

Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag

© ANDRÉ MARION PEDERSEN



Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptre sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndernes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

Se medlem.nortura.no



Referat frå årsmøte i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 9.mars 2021.

Fylkesårsmøtet vart gjennomført på «Teams». 22 medlemmer deltok i tillegg til 4 gjester. Etter litt praktisk informasjon og opprop, ynskte fylkesleiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Leif Grutle, velkomen til årsmøte. Han vart vald til møteleiar.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Val av referent: Åse-Marie Reisæter.

Val av to til å skriva under referatet: Oddvar Stang og Øystein Pugerud.

Innlegg v/Anders Nordstad, generalsekretær i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Anders Nordstad er nyttilsett generalsekretær, og han starta med å presentere seg sjølv. Deretter snakka han litt om aktiviteten i NBS, og presiserte at aktive lokallag er heilt avgjerande for organisasjonen.

Alle effektiviseringar i jordbruket fører til prisnedgang («Jordbrukets tredemølle» 1958), forbrukaren skal få billigare mat, men mesteparten havnar hos handelen.

Importvernet vert ikkje brukt som det skal, kjedene sel uansett varene til den prisen markedet vil betale.

Kjedene integrerer seg i verdikjeda. Samvirket er dei einaste som kan stå i mot dette, det er derfor viktig å halde fast i samvirketanken.

Pris til bonde må opp. Det må bli meir lønsamt å driva jordbruk på norsk areal.

Utviklinga som har vore etter 2014 må bremsast - tak på kvotar og tilskot.

NBS meiner at det er uheldig med lausdriftskrav frå eit bestemt årstal, kravet bør berre gjelde ved nybygg. Meir investeringsmidlar til bruk under 30 kyr og betre økonomi i drifta må til.

Innlegg v/ Eli Berge Ness, styremedlem i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Det er føreslege ein ny fordelingsnøkkel for RMP. Om den vert vedteke vil Vestland få 12,6 mill. kr mindre enn i dag. Frå å premiere verdiar som er vanskelege å talfeste, men som har stor samfunnsverdi, vil ein få eit system som er lettare å kontrollere. Midlar vil flyttast til område med flest dyr og mest jordbruksareal i drift.

Debatt.

Lofthus: Forventningane til jordbruksforhandlingane er høge i år. NBS må satse på arealtilskot. Prisdredskivinga må reduserast. Avlingsskadeordninga må betrast. Auka utmarksbeitetilskot, for mykje sau beiter på innmark.

Buer: Håpar NBS får endra RMP-forslaget. Forbrukarmakt er viktig for landbruket, bloggen til Nordstad blir lest av mange, også utanfor landbruket.

Stang: Reglane for innsending av søknadar om tilskot er altfor strenge om ein har kryssa av feil ein plass o.l. Er det heilt slutt på at landbrukskontora sjekkar og tipsar om noko manglar?

Grutle: HBS støttar utspelet frå NBS om at lausdriftskravet berre bør gjelde ved nybygg, og meir midlar til dei minste bruka. Viktig med ei offensiv haldning, dette er dramatisk. Prisane må opp, då vert det og større rom for å endre tilskotsreglane til slik dei eigentleg var meint.



Lofthus: Omfordeling av avtalemidler. NBS må setja seg inn i «Trappetrinnsmodellen».

Nordstad: Einig i «Trappetrinnsmodellen».

Grutle: Takk for godt samarbeid med Sogn og Fjordane BS.

Årsmeldinga vart godkjent. Den er sendt ut til alle medlemmer og ligg på heimesida.

Rekneskapan vart lagt fram og godkjent.

Budsjett vart lagt fram og vedteke.

Kommentar Lofthus: Det er lagt inn 5.000 kr i budsjettet for 2021 til eit prosjekt i grøntsektoren, der Småbrukarlaget må bidra med 15.000 kr pr år i to år. Me håpar at Sogn og Fjordane BS og Rogaland BS vert med.

Val.

Leiar: Leif Grutle attval valt for 1 år

Styre: Birte Larsen attval valt for 2 år

Jarle Helland attval valt for 2 år

Anders Lundevoid ny valt for 2 år

Arne Lofthus ikkje på val

Tina Bøe Buer ikkje på val

Irene Dalland ikkje på val

Vara: 1. Dag Kyrre Lygre attval valt for 1 år

2. Edel Karin E. Alpen attval valt for 1 år

3. Svein Misje attval valt for 1 år

Kvinneutvalet: Etter framlegg frå valnemnda vedtok årsmøtet å leggja ned kvinneutvalet.

I staden vil styret førebu oppretting av eit ungdomsutval på neste årsmøte. Lokallaga vert oppmoda om å føreslå kandidatar til utvalet, og valnemnda vil få i oppdrag å koma med framlegg på tre kandidatar. Styret vil senda inn forslag til NBS om endring av lovene vedr. kvinneutval/ungdomsutval.

Valnemnd:

Tore Aga Silde (leiar) 1 år, Nils Martin Seim 2 år, Øystein Hole 3 år.

Uttalar. Det vart ikkje vedteke uttalar på årsmøtet.



Det finnes ei tid da tida ikke alltid strekker til.

Vi er klare til innsats.

Når alt skal spire og gro vokser også arbeidsmengden. Vi hjelper deg i den travleste tida med rask service, et bredt produktutvalg og digitale løsninger som forenkler hverdagen.

Tlf.: 72 50 50 50 · www.felleskjopet.no

Truleg det beste

Sortimentet til sau

Fiskå Mølle sitt førsortiment gir full dekning av protein, energi, vitamin og mineral.

- for livskraftige dyr med god tilvekst.

TOPLAC® SAU <ul style="list-style-type: none"> • Gir auka mjølkeyting • Perfekt ved store kull/kort inneføeringsperiode etter lamming 	TOPLAC® SAU FIBER <ul style="list-style-type: none"> • Gir bedre vommiljø • Består av 75% TopLac Sau, 25% Roetopp 	SAU/LAM APPETTIT <ul style="list-style-type: none"> • Smakleg og fiberrik • Inneføring: "all-round"-fôr til alle dyr
SAUEFÔR <ul style="list-style-type: none"> • Høgt proteininnhald gir god lammetilvekst • Beste val dersom inneføring etter lamming overstig 3 vecker 	SAUEFÔR DREKTIG <ul style="list-style-type: none"> • Ekstra vitamin og mineral • Organisk selen og mykje vitamin E • 3-5 hekto dekkjer behovet 	LAM BEITE <ul style="list-style-type: none"> • Svært fiberrik fôr gir gode magar på beite • Perfekt i kraftfôrautomatar

FISKÅ MØLLE AS
Tlf. 51 74 33 00

FISKÅ MØLLE
ETNE AS
Tlf. 53 77 13 77

FISKÅ MØLLE
TRØNDELAG
Tlf. 73 85 90 60

FISKÅ MØLLE
FLISA
Tlf. 62 95 54 44

Fiskå Mølle

Landsmøte 2021

For en sauebonde fra Vestlandet finnes det ikke så mange gode grunner til å befinne seg på Gardermoen, men 29.-31.oktober fantes det et unntak. Landsmøte for Norsk Bonde- og Småbrukarlag ble arrangert, og med den digitale gjennomføringen i 2020 på minne var det godt å kunne møtes fysisk igjen.

Fredagskvelden var som vanlig satt av til forskjellige seminarer, i år var det utmark, rovvilt, REKO, og kvinneutvalget. Seminarene går parallelt, så her må man velge det man selv har mest interesse for. I år fikk vi etter seminarene gleden av å se teaterstykket «Bondetinget». Denne forestillingen tok oss gjennom mange år med landbrukspolitikk, og jeg tror alle som ser dette stykket får en større forståelse for hvordan Bondelagene og politikerne i felleskap har ansvar for mange av de utfordringene som landbruksnæringen og distriktene føler på i dag.

Selve landsmøtet gjennomføres lørdagen og søndagen. Det er mange saker og innspill som skal diskuteres og vurderes. Det er viktig å ha lest igjennom sakene på forhånd, for tempoet er relativt høyt, så det gjelder å følge med. Underveis kan det oppstå uenigheter, og noen ganger litt høy temperatur. I år kanskje spesielt under valg av styre for NBS. Dette viser gjerne at dette er noe som betyr mye for oss, og at vi har flere gode kandidater å velge mellom.

Årets landsmøte var mer enn de siste årene gjennomsyret av optimisme og håp. En ny regjering og regjeringsplattform som skaper store forventninger til jordbruksforhandlingene i 2022 gjorde nok sitt til at Landbruks- og matminister Sandra Borch fikk god applaus både før, og etter sin tale til landsmøtet.

De fleste av oss følger vel NBS og HBS sine Facebook sider. Der kommer det veldig mange gode innlegg og artikler. På Landsmøte treffer du veldig mange av de personene som skriver disse innleggene, og de har minst like fornuftige ting å si der som på FB. ☺

Tempoet på Landsmøte er som sagt høyt, og det viser seg i etterkant at det ble en feil, og en av sakene må stemmes over på nytt. Det blir derfor et ekstra digitalt årsmøte 31.januar 2022 for å stemme over denne saken på nytt. På denne måten er man i hvert fall sikker på at demokratiet i organisasjonen fungerer.

Til slutt vil jeg anbefale alle som tenker at landsmøte kan være noe for deg om å reise i 2022. Har ikke du lyst, så send i det minste lokallagslederen din. Alle lokallagsledere har godt av den vitamininnsprøytingen et landsmøte kan være.

Sportslig hilsen

Anders Lundevoid

Tillegg til saksframlegg til landsmøte 2021 frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.

Hordaland bonde og Småbrukarlag har sendt inn saksframlegg til Landsmøte, der vi foreslår ei arbeidsgruppe som skal sjå på avtaleinstituttet og det jordbrukspolitiske systemet.

Etter grundige diskusjonar, vil me be Landsmøtet (og styret i NBS) om å omformulere landsmøtevedtaket slik at det vender seg direkte til det nye Stortinget, utan å gå den lange vegen om intern utgreiing.

Avtaleinstituttet (og Hovedavtalen) er rigga for ei anna tid, og heilt andre utfordringar, og framlegget burde eigentleg ha kome for 25 år sidan.

Ved å utfordre det nye Stortinget har NBS stor moglegheit for å få til endringar.

Partia kjenner seg i dag rådville, låst til det eksisterande systemet. Ingen torer å røre ved dette. Det vil være annerleis om ein formell aktør initierer ein prosess.

Prossesen me ser for oss, er at landsmøtevedtaket blir adressert til Næringskomiten, med kopi til alle parti. NBS inviterer seg så til separate møte med alle stortingsgruppene for å legge fram forslaget.

Forslag til prosess/framgangsmåte blir slik:

1. Jordbruksavtalen av 1952 vart utforma for ei anna tid og treng revisjon. Landsmøtet ber Stortinget vedta ein revisjon som inneber at alle dei mål om kollektive gode som Stortinget har vedtatt blir handsama særskilt innanfor ramma av dei årlege forhandlingane.
2. Landsmøtet legg til grunn at dette er ein politisk sak som hører heime i Stortinget, og som dermed ligg utanfor det som Jordbruksavtaleinstituttet skal handsame.
3. Landsmøte ber Stortinget pålegge Landbruksdepartementet å greie ut korleis kollektive mål kan gjerast målbare, med sikte på handsaming og vedtak i Stortinget snarast råd.

4. Dei mål det her er tale om er:

- Mål om mattryggleik
- Mål om spreidd busetting og kulturlandskap
- Mål om miljø og klima, eit berekraftig landbruk.

Desse måla skal handsamast på lik line med mål om produktivitet/inntekter.

5. Å gjere desse måla målbare, for å integrere dei i forhandlingane, vil kreve bruk av parameter slik at Stortinget kan kontrollere om avtalane bidreg til måloppfylling. Døme på parameter kan vere: tal på aktive bruk, innretting av produksjonen, bruk av areal, bruk av importerte innsatsfaktorar. For nokre parameter kan det ta fleire år før målbar effekt kan avlesast, men ved å etablere referansepunkt kan bruk av parameter indikere retning.

6. Stoda på bygdene er slik at Norsk Bonde- og Småbrukarlag innstendig ber Stortinget om ein rask prosess.

Dersom dette forslaget ikkje får fleirtal i Landsmøtet, ynskjer me at Landsmøtet skal stemme over det opprinnelege framlegget vårt.



Utsendingar frå Hordaland: Kristian Eilerås (Sveio), Thomas Ekrem Harris (Ullensvang), Sindre Taxt Måge (Ullensvang), Svein Trygve Larsen (Bømlo og Stord), Oddvar Stang (Radøy), Anders Lundevold (Tysnes), Jarle Helland (Radøy), Åse-Marie Reisæter (fylkessekretær), Arne Lofthus (Ullensvang). Leif Grutle og Irene Dalland manglar på bildet.



Framsyning av «Bondetinget». Jarle Helland, «ukjent», Oddvar Stang, Arne Lofthus, Sindre Taxt Måge, Thomas Ekrem Harris.

På lag med landbruket for å forebygge skader

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du:

- inntil 20 % rabatt på privatforsikring
- 24–34 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på ulykkesforsikring for voksne og barn
- gode fordeler på pensjon

Ring Gjensidige på **915 03100** eller les mer på gjensidige.no/landbruk

 Norsk Bonde- og Småbrukarlag
 

A13 095/12 2021

ULLENSVANG

FRUKTLAGER

Innspel til jordbruksforhandlingane 2021.

Inntekta må opp.

Jordbruket treng ei solid inntektsoppgang for å henge med i utviklinga.

Driftsgranskinga viser ei nedgang i inntekta for vestlandsbonden på 23.300 kr frå 2018 til 2019, og årsverkinntekta er ikkje meir enn 276.300 kr (2019).

Dette året bør det være rom for prisauke på jordbruksprodukt. Både fordi bonden må få meir av verdiskapinga knytt til produksjonen, men også fordi lagera er tomme.

Ei prisauke bør også gjere det lettare å endre verkemidla i avtalesystemet, slik at tilskota blir brukt til ein kraftig endring av jordbrukspolitikken.

Desse endringane er sterkt understreka elles i skrevet frå oss.

Me må ikkje gå i den fella å krevje store budsjettmidlar og fordele dei etter same lest som tidlegare. Og me må også prøve å stimulere til ei driftsform som dempar kostnadane i landbruket.

Hald fast på planen om ein opptrappingsplan på 5 år, men me må bli enda klokare på korleis me brukar midlane for å få betre levekår for bonden.

Budsjettnemnda sin berekningar.

Fleire og fleire kjenner seg ikkje att i budsjettnemnda si beskriving av verkelegheita på sine bruk. Det er særleg mangel på eigenkapitaldekning og beskriving av levekårsfordelar bønder reagerer på.

For Småbrukarlaget er det viktig å ta desse signala, setje seg godt inn i talmaterialet, og vere open utad om alle utfordringane dette talmaterialet fører med seg.

Lausdriftskrav.

For Vestland fylke er kravet om lausdrift ei enorm utfordring. 70 % av buskapane i fylket har framleis båsfsjø, og me ser ein svært stor pågang av bønder som vil avvikle drifta.

77 mjølkebruk vart med i utkjøpsordninga i 2020, medan 40 står på venteliste. Så kravet fører til ei stor og skadeleg strukturendring i vårt fylke.

Sjølv om me ser at ei oppheving av lausdriftskravet truleg er vanskeleg eller umogleg, føreslår me at det berre er ved nybygg ein treng bygge til lausdrift. Dyrevelferd kan ein ivareta f.eks. ved å følgje dei reglar Økologisk landbruk har hatt lenge, med luftekrav i egna innretning (luftegarde).

Ei utsetjing av kravet er ein moglegheit som også bør prøvast.

For det fyrste må bøndene med buskarar under 25 årskyr vite at det kan vere ein god leveveg også etter ei ev. utbygging. Til dette trengst det endringar i jordbrukspolitikken.

Det blir ikkje nok å berre krevje meir investeringsstøtte. Her bør ein også tenkje mogleg kostnadssparing med enklare bygg, f.eks. i tre, og enklare teknologi.

Me vil fremma forslag om eit «lausdriftstilskot» til dei minste bruka. To politiske parti har allereie føreslått dette. Eit slikt nytt tilskot skal gå til dei minste bruka som må leggja om frå båsfsjø til lausdriftsfjøs. Ein stor del av mjølkebruka i Vestland har under 15 mjølkekyr. Dei



vert sjeldan nemnd, men er viktige og avgjerande for miljø, lokalsamfunn, beredskap, kulturlandskap og utnytting av ressursane i fylket vårt. Difor må tilskota innrettast slik at også desse bruka får ta del i tildelingane av tilskot.

I tillegg foreslår me ein rentegaranti som trer i kraft dersom lånerenta aukar over ein viss prosent.

Det bør også stimulerast til meir beitebruk i mjølkeproduksjonen (i dag utgjer beite berre kring 10% av fôrbehovet). Dette kan gjerast med f.eks. samarbeidsløysingar om transportable mjølkegraver til beite som ligg langt frå fjøsen. Beitekrav må samtidig innskjerpast, og det må stimulerast til beiting i tilskotsassane.

I argumentasjonen vår er det sjølvsagt viktig å få fram alle dei negative sidene ved utviklinga i jordbruket, men me må bli enno flinkare til å få fram alle moglegheitene som finst i jordbruket. Når me importerer over 60% av maten vår og har ein politikk som ikkje stimulerer til bruk av norske ressursar, har me enorme moglegheiter for positive endringar for landet vårt.

Investeringsmidlane.

Det er to element som er viktige for at distriktjordbruket skal halda tritt med dei beste jordbruksområda. Det eine er at alle typar utbygging må ha lik tilgang på rimeleg kapital. Det andre er tilhøvet mellom verdien på grovføret og prisen på kraftføret. Er det lønsemd i ei utbygging ut frå kriteria som t.d. nytting av grovføret, miljøaspektet og at økonomien på bruket bidreg til vidare drift av garden – så skal ikkje søknaden om lån og tilskot avvisast av Innovasjon Norge. Det skal heller ikkje spela nokon rolle om det skal byggjast til 30 eller 200 vinterfora sauer – eller til 10 kyr eller 40 kyr. Alle storleikar er like viktige berre dei er tufta på garden sine ressursar og bidreg til at dei som eig og driv finn mening i å halda fram. Det er no på høg tid at retningslinjene for tildeling av IBU-midlar vert flytta frå sentrale føringar til ei regional forvaltning der detaljane i verkemiddelbruken av IBU-midlane vert fastlagt regionalt. I dag er den regionale råderetten avgrensa kunn til kva produksjonar som skal prioriterast. Me meiner at partnerskapet må få større handlingsrom til å fastsetja detaljane i regelverket regionalt. Dette fordi det er store regionale skilnader når det gjeld trong for fornying og utvikling av næringa. I Vestland er det framleis berre om lag 50% av mjølka som vert produsert i lausdrift. Det er stort sett bruk med mindre enn 25 kyr som i dag driv i bås fjøs. Det er difor viktig at det kjem på plass ei innretning av investeringsmidlane slik at økonomien på desse bruka kan styrkast ved ei utbygging der arealgrunnlaget ligg i botn. Økonomisk må det leggjast til rette for at det ikkje skal vera turvande eller krav til auka produksjonsvolum på utbyggingsbruka. Me meiner at dagens tilskotsprosent på maks 35% må aukast til 50% ved utbygging på bruk med mindre enn 25 kyr etter utbygging. Taket på tilskotet for denne bruksstorleiken bør også aukast til 3,0 millionar.

Driftsvansketilskot - Teigbaserte tilskot.

I fleire år har me snakka om eit driftsvansketilskot utan at me har kome vidare. Målet må vera å utjamna forskjellane i avling i forhold til det som er optimalt. Då må det takast omsyn til brattlendt areal, teigblanding og teigstørrelse. Ordninga må kunne kontrollerast.

Er målet vårt ein ny kurs – så treng me virkemidlar som ikkje har vore utprøvd før.

Det regimet me har i dag for tildeling av grovførtilskotet har nesten ikkje vore endra sidan det vart innført for godt over 30 år sidan.

I dag får me mest tilskot til den arealtypen som gjev størst avling per da. og arbeidstime. Den arealtypen som gjev lågast avling per da og arbeidstime går mest ut av drift.

Me bør erstatta dagens innretning av grovførtilskotet og gje det eit nytt innhald. Gardskarta gjev oss i dag moglegheiter til å utlikna driftsulemper mellom bruk heilt ned på gardsnivå. Me kan ikkje la vere å ta i bruk den teknologien som gardskarta gjev oss til å utjamne den store uretten det er i dag mellom bruk ved utrekning av grovførtilskotet. Me bør erstatta dagens grunnlag for utrekning av grovførtilskotet og gje det eit nytt utrekningsgrunnlag. Som i dag må dei tre arealtypande liggja i botn. Me må leggja inn faktorar for arealtype slik at me får jamna ut produksjonskostnadane pr. f.e. på dei ulike arealtypepane. Vidare må det gjevast tillegg for slått av brattlendt fulldyrka og overflatedyrka. Tal teigar må òg gje auka tilskot.

Eksempel:

Grovförtilskotet til eit bruk på 100 da med areal fordelt slik:

20 da fulldyrka, der 5 da er bratt 1:5.
Overflatedyrka 30 da, der 5 da er bratt 1:5 og 5 da er bratt 1:3.
Innmarksbeite 50 da.

Då vert tilskotet utrekna slik i dag:

Fulldyrka/overflatedyrka 50 da = 50 da
Innmarksbeite 50 da.. faktor 0,6 = 30 da
Grunnlag for tildeling av tilskotet = 80 da
I tillegg kjem ev. brattlendt tilskot RMP

Døme på ny modell:

Fulldyrka	15 da faktor 1,0	= 15 da
Overflatedyrka	20 da faktor 1,1	= 22 da
Innmarksbeite	50 da faktor 1,2	= 60 da
Overfl. dyrka/fulldyrka bratt 1:5	10 da faktor 1,7	= 17 da
Overfl. dyrka/fulldyrka bratt 1:3	5 da faktor 2,0	= 10 da
Grunnlag for tildeling av tilskotet		=124 da

Føretiltaket bør få tillegg i tilskotet for tal teigar under 3 da. For eks. 1-5 teigar eit tillegg på 5% av utrekna arealtilskot. 5-10 teigar 7% tillegg. Ved >11 teigar eit tillegg på 10 %. Tilskot til brattlendt vert med dette dømet ei sentral ordning og dermed teken ut av RMP.

Me meiner at modellen også kan nyttast til utrekning av arealtilskotet til frukt og bær.

Me er sikker på at denne modellen vil vera med å jamna ut dei store forskjellane me har i driftsulemper mellom bruk innan same bygd og ikkje minst innan same sone. Dei opplysningane me treng for å fylla ut søknadsskjema meiner me kan hentast frå digitale gardskart. Staten er oppteken av at opplysningar i søknadsskjema er kontrollbart – og det meiner me vert oppfylt med dette opplegget.

Kanaliseringspolitikken.

Ordningar som stimulerer til drift med ammeku i sentrale område på Austlandet og i Rogaland må endrast. Driftstilskotet må differensierast slik at det vert større forskjell mellom sonene, i enkelte soner skal det kanskje fjernast heilt. Det er viktig at dette skjer raskt.

Korn og kraftfor.

Prisen på korn må opp. Midlane som går til nedskriving kraftfôr må reduserast kraftig og på sikt fjernast.

Tilskot sau og lam.

Eit driftstilskot på sau bør få eit intervall frå 1-75 sauer over året. Tilskotet bør ha soneinndeling der dei typiske grasområda, samt område med mykje unytta fjellbeite, må få høgast sats. Midlane frå eventuelt redusert lammertilskot bør i sin heilheit gå til finansiering av driftstilskotet.

Tilskotet til lammeslakt med kvalitet O+ og betre bør reduserast med kr. 150. Pengane bør i staden gå til husdyrtilskot/dyretilskot slik at sauehaldet beheld midlane. På sikt bør lammertilskotet fjernast. Det er sjeldan at ein oppnår dette tilskotet for villsau. Det er uheldig sidan det vert brukt lite kraftfôr og mykje beite i den produksjonen.

Frukt.

Vestland fylke er eit stort frukt- og bringebærfylke. På grunn av topografi og klimatiske tilhøve blir det viktig for oss å fokusera på jordbruksarealet som desse kulturane blir produserte på.

I det moderne jordbruket er det idag eit stort fokus på ny og meir anvendeleg teknologi for jordbruket. Vårt fylkeslag vil at frukt- og bær dyrkarane i fylket vårt skal vera del av denne utviklinga. Det må difor frå landslaget peikast på at også dei mest vanskelegstilte jordbruksareala skal ha sin naturlege del av midlar som går til slik teknologiutvikling.

Avlingsskadeordninga som er no må forberast. Søkje- og kontrollregimet er svært tungvint, og i mange høve kan bøndene kjenna seg som kriminelle når søknad og dokumentasjon blir snudd og vendt på i alt for stor grad.

Prosenten eigendel må nede til 20%, og byråkratiet omkring ordninga må forenklast i tråd med at dokumentasjon og økonomiske opplysningar frå bøndene er gjort lettare tilgjengelege gjennom moderne data og oversiktlege avtalar med fruktlager og grossist.

Distriktstilskotet bør få inn att den gamle nemninga «Distrikts- og Kvalitetstilskot» fordi produksjonstilskotet er nær knytt til kvalitet.

Satsane må aukast forsiktig, men sonene skal stå fast. Det vil vera naturleg å leggja satsen for klasse 1 Austlandet litt over sats for pressfrukt. Interessa omkring sider og saftproduksjon er no så sterk med stor betalingsvilje i marknaden, slik at denne greina av næringa ikkje treng ekstra løyvingar utover forsiktig auke i satsen pressfrukt. Det er meir naturleg, og i tråd med marknadstenking, at dei som produserer sider og saft betalar ein høgre pris for råstoffet.

Arealtilskotet bør aukast kraftig for det vanskelegaste fruktarealet. Det er svært stor skilnad på arbeidsinnsatsen på det svært bratte arealet og på gammal kornjord/ flatt areal.

Investeringar:

Ting tyder på at produksjonen ikkje alltid gjennom sesongen står i godt høve til marknaden. Fruktlager og frukt dyrkarar har ansvar for å fordela produksjonen betre, men staten gjennom Innovasjon Norge bør sjå på om samfunnet er tente med å planta til flott kornjord med frukthage ved hjelp av statlege tilskotsmidlar. I dei typiske fruktområda skal alle fruktbruk ha same rett til tilskot uavhengig av storleik på bruket og storleik plantesøknad.

Pris:

Målprisen på eple og dei gønsakene/ poteter som har målpris må opp litt. (9 kulturar innan grønt).

For alle andre grøntvarer er det marknadpris som gjeld og denne må minst følgja konsumpris.

Toll/import/ lov om god handelsskikk:

Toll og importkvotar er diverre ikkje del av jordbruksoppgjæret, men NBS må alltid ved høve dra desse momenta fram som viktige saker for den delen av jordbruket som er mest utsett for importvarer.

Grønt.

Marknadshagar

I fjor vart det løyvd øymerka investeringsmidlar til småskala grønsaksproduksjon over jordbruksavtalen. Det er påfallande at det nærast ikkje vert gjeve produksjonstilskot til denne næringa, og i år bør dette inn i avtalen. Slik det er no er det berre veksthusgrønsaker og salat levert grossist (og med store minstekvantom) som er berettiga tilskot. Då står det berre att arealtilskotet til grønsaksproduksjon. Som eit eksempel får den største marknadshageprodusenten her i Hordaland kr. 3000,- i tilskot til sine 6 tonn lokalproduserte grønsaker, og ca. 220 000,- i tilskot til saueproduksjonen sin, som gjev ca. 1 tonn lammekjøtt. Som denne produsenten seier, er det saueproduksjonen som bergar han i eit dårleg år.

Marknadshagar er ei god attåttnæring for mange bruk, også brattlendte, og har eit stort sysselsettingspotensiale i distrikta. Mange er også viktige for lokale sosiale miljø. Dei inviterer folk inn, det vere skular, barnehagar, og spelar ofte på lag med lokale bedrifter og matkjeder. Det lokale næringslivet byggjer såleis opp om kvarandre på ein heilt annan måte, enn grøntprodusentar som utelukkande leverer til grossist. Marknadshagar skapar på desse måtane meirverdi i det lokale miljøet.

Drifta er likevel sårbar. Det er mykje risiko forbunde med produksjonen. Mange marknadshagar ligg langt frå kundegrunnlaget, og det er mykje arbeid med logistikk. Vert du sjuk, kan ein bonde med dyr kanskje gå i fjøset, men ein med marknadshage kan ikkje drive



innhausting, pakking eller utkøyring for sal, pga smitteomsyn. Innhaustingssesongen varer ofte frå slutten av mai til nærare november så dette er eit viktig moment.

Investeringsstilskotet som kom i fjor var viktig. Det er fleire som har drive utan, eller med svært små investeringar over tid fram til i fjor. Som ein annan større produsent sa, så stod dei framfor større og viktige investeringar, som vatningsanlegg. Hadde ikkje investeringsstilskotet dukka opp, er det sannsynleg dei hadde gitt opp.

Trappetrinnsmodellen (Smartfordeling).

Om ein ser på alle direkte utbetalingar for 2019, vil ein sjå at dei 10 på topp stort sett er grøntprodusentar. Der kan ein også sjå kor mykje som vert utbetalt på kvar tilskotstype. Auken på topputbetaling har gått svært opp dei siste åra.

Det er 590 av 38745 produsentar som får over 1 mill. 19 stk. som får over 2 mill.

Kvar skal eit tak plasserast - på areal- eller volumtilskot? Kva skal taket vera, 1 mill? 2 mill? 3 mill? Kva oppnår ein med til dømes å setje eit tak på distriktstilskotet på 2 mill? Berre ein jordbærdrarar mister 1 mill!

Det er vel over 4 år sidan nedtrappingsmodellen vart fremja av Ullensvang BS. Ullensvang BS, Hordaland BS og Hagebrukutvalet har hatt den med kvart år i sine jordbrukskrav. Den er vedteke på to landsmøte og er med i NBS si politiske plattform.

Ein har ikkje fått noko god forklaring på kvifor ikkje NBS ber LD om at trappemodellen vert utreda av LD. No håpar me at den nye generalsekretæren og nye personar i styret vil ta den på alvor.

Å innføra eit fast tak på tilskot pr. bruk blir feil. Dei store bruka treng også støtte, men dei har stordriftsfordelar, og det vert ikkje teke omsyn til i dagens tilskotsordningar. Derfor er nedtrappingsmodellen eit godt verktøy, kanskje det einaste som er brukande, for å redusera dei største overføringane.

Grunngjeving:

- Store bruk har stordriftsfordelar. Det ligg ikkje i dagens tilskotsordningar
- Med eit fast tak på tilskot vil ein få oppdelingar av drifta på fleire føretak.
- Med for mange tak på tilskot på enkelte produksjonar vil ein få produsentar som tilpassar produksjonen sin til tilskotsordningane.
- Det er garden sine ressursar, marknaden og bonden sin kunnskap som skal avgjera kva ein bør produsera.
- Det er satsar / soner og andre tilskot som skal få opp lønsemda på bruka i alle delar av landet.
- Nedtappingsmodellen skal trappe ned tilskota til store bruk, uavhengig om dei er på Jæren eller i Finnmark.
- Det er ikkje noko motsetning mellom pyramidemodellen, som går på produksjon, og nedtappingsmodellen, som går på samla kronebeløp pr. bruk.
- Nedtrappingsmodellen skal brukast på produksjonstilskotet som vert utbetalt direkte til produsent. (ca. 9,7 milliardar)
- Lett å innføra med dagens system som har kun ei utbetaling i året av produksjonstilskota.
- Budsjettmidlane som vert teke ned med nedtrappingsmodellen, kan brukast på soner/satsar/ pyramidetilskot på små og mellomstore bruk for å løfte økonomien til dei.

Første runde er å få eit innført eit prinsipp og vedtak om å få ned noko av dei største overføringane. Så er det ei forhandlingssak kva starttrinn og trinn oppover skal vera. For samdrifter må ein ha eigne trinn.

Forslaget bør inno Landbruksdirektoratet for utredning.

Håpar at Forhandlingsutvalet tar det med i sine krav i år!

RMP midlane. Biokol og tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel.

Mykje av ramma til RMP-midlane i Hordaland går i dag til tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel, opptil kr. 30 000,- /bruk og år. Ein treng ikkje eige utstyret sjølv, det er berre krav til bruk. Med ein så høg sats kan utstyret vere nedbetalt etter få år, og vi meiner tilskotet skulle vore redusert til fordel for andre tiltak som gjev klimaeffekt.

Eit av dei mest dokumenterte og effektive tiltaka går på tilsetjing av biokol til jord. Biokol er ein av dei mest effektive tiltaka for å binde karbon og dermed auke karboninnhaldet i jorda, også i eit langtidsperspektiv. Ulike fraksjonar av karbonet har ei levetid i jorda på oppimot hundre år og meir (NIBIO-rapport nr. 36-19). I løpet av denne tida er kolet næring for ulike mikrobar i jorda, og bidreg på fleire måtar til ei fruktbar jord.

Tilsetjing av biokol til husdyrgjødsel gjev dessutan mindre lukt, metan og lystgassutslepp. Dei fleste gardar har tilgang på eige trevirke (rydding av beite, tynning osv.) og kan med rimelege investeringar produsere lokalt biokol sjølve.

Vi foreslår at det utarbeidast tilskotsordningar for bruk av biokol i Noreg, gjerne som ein del av RMP-systemet. Det er viktig at bonden, som sørgjer for å få biokolet aktivert og plassert på riktig måte i jorda, vert premiert for dette. Innovasjon Norge gjev også støtte til anlegg for biokolproduksjon. Det er viktig for utvikling av både større og mindre anlegg med varmegjenvinning. Kanskje kan vi få pyrolyseovnar i staden for flisfyringsanlegg på gardsbruk i framtida?

Avlingsskadeerstatningsordninga.

Det er bra at det er i gangsett evaluering av ordninga. Ordninga er arbeidskrevjande både for søkar og saksbehandlar. Det vert krevd mange vedlegg til søknaden, oversikt på tretal med plantetidspunkt- vår eller haust, pisker, greinatre, areal, avlingstal og plantekart. Når ein leverer 100 % av avlinga til godkjent fruktlager, og lageret har alle opplysningane, og saksbehandlar har tilgang til dei opplysningane, bør antal vedlegg kunna redusera.

Opplysningane frå fruktlager er godkjent når ein søker om produksjonstilskot. Ein føler at ein er kriminell inntil det motsette er bevist. Saksbehandlar må ha tillit til søkjaren.

Det er nokre som ynskjer at ein skal kunna søkja om erstatning for kvar enkel kultur. I tilfelle det, kan ein nesten kunna søka kvart år, eit år for eple, neste år for plommer!

Erstatningsordninga må vera pr. foretak og ikkje leggest om til kvar kultur.



Eigenandel bør reduserast frå dagens 30 % til 20 %. På grunn av utrekningsmåten er eigenandel i praksis over 40 %.

Foredling av gardens egne råvarer må reknast som jordbruksdrift.

Dei siste åra har fleire bønder som lagar ost av eiga mjølk fått brev frå skatteetaten om at inntekta frå gardsdrifta deira ikkje er berettiga jordbruksfrådrag.

Skatteetaten meiner nemleg at gardsbruk som foredlar egne råvarer, driv to ulike næringar, og at foredlinga ikkje er ein del av jordbruksdrifta. Dette gjer at alle inntektene garden har ved sal av sine produkt, ikkje vert rekna som jordbruksinntekt, og difor står garden på papiret utan inntekt, og får heller ikkje jordbruksfrådrag.

No ser skatteetaten at gardsbruk som foredlar alle råvarene sjølv, også driv jordbruksverksemd, og har difor krav på jordbruksfrådrag, men berre på den delen som gjeld råvareproduksjonen.

Ein geitebonde som ystar av eiga mjølk vert difor pålagd å dele rekneskapen i to, ein jordbruksdel og ein foredlingsdel. Ho må kjøpe mjølk av seg sjølv til armlengdeprisar (i dette tilfellet Tine sin råvarepris). Ho må også fordele bruk av traktor, straum, telefon og andre driftsmidlar og kostnader mellom dei to produksjonane.

Dette er tungvint, kunstig, og gjev alle som vil yste eiga mjølk ekstra papirarbeid. Dessutan slår det skeivt ut for ulike bønder. Til eksempel ein grønsaksbonde kan vaske og emballere grønsakene sine og selje dette direkte, utan at det vert sett på som foredling, og bonden får fullt jordbruksfrådrag på heile denne meirinntekta. Dette gjeld også bonden som sel egg eller frukt eller honning. Men ho som produserer mjølk, får ikkje foredle dette til kefir eller ost som jordbruksinntekt.

Terje Breivik og Venstre stilte skriftleg spørsmål om dette i september 2016, og fekk svar frå finansministeren: «Særlege skatteordningar som jordbruksfrådraget vil skape problem med avgrensing. Dette må ein løysa i samsvar med føremålet og bakgrunnen for ordninga, ikkje med utvidingar som skaper nye problem med avgrensingar.»

Vi meiner det er rimeleg opplagt at det er mykje større problem med avgrensing i dag, enn det ville vore om ein hadde inkludert foredling av egne råvarer i jordbruksdrift-begrepet. Dette har ein gjort i Tyskland, der ysting og anna foredling på garden, har dei same skattemessige fordelane som anna landbruksproduksjon. Dei kallar dette «urproduksjon».

Mange som startar foredling, gjer det nettopp for å få eit utkome frå ein gard som elles ikkje er til å leve av. Når då råvareprisen skal ligge i botn for inntektsgrunnlaget i jordbruksdrifta, vert det openbart at desse gardane ikkje får nytta jordbruksfrådraget i det heile.

Argumentet med at jordbruksfrådrag på lokal foredling vil verke konkurransevridande på anna foredlingsverksemd, må sjåast i samheng med at frådraget berre vil gjelde på produkt laga av råvarer frå eigen gard. Beløpa det er snakk om er også avgrensa, medan det vil opplevast lettare og mindre byråkratisk å starte foredling.

I dag har ein bonde med eit gitt ressursgrunnlag to moglegheiter til å auke inntekta si: auke volum (meir innkjøpt grovfôr og kraftfôr) eller auke verdien på råvara si ved å foredle og selje

denne direkte. Det fyrste alternativet gjev fullt jordbruksfrådrag, det andre gjev ikkje uttelling på jordbruksfrådraget, fordi meirverdien skapt ved foredlinga ikkje vert rekna som jordbruksinntekt.

I dag er råvareprodusenten premiert.

Velferdsordningar.

Dagpengar.

Reglane for reduksjon/fjerning av dagpengar til permitterte som også driv gard er heilt urimelege. Reduksjonen vert berekna ut frå driftsomfanget, ikkje inntekta i drifta. Dette får dramatiske følgjer for dei som har lite eller ikkje overskot i drifta, og i tillegg ikkje får dagpengar ved permittering. Dette må takast opp på nytt.

Pensjon.

Pensjonsordninga bør verta meir fleksibel, og ikkje vera låst til 62 år. I mange tilfelle er det gode grunnar til å overføra garden før ein har nådd 62 år, og det bør verta mogleg.

Mentorordninga i landbruket.

Mentorordninga i landbruket er ei av dei beste og mest kostnadseffektive tiltaka organisert over jordbruksavtalen. Den har også store ringverknader og fører til større samarbeid mellom bønder over tid.

Mentorordninga har mykje til felles med det tidlegare Fadderprosjektet, og går i korttekst ut på at nye bønder kan få ein gratis «mentor» i ein erfaren bonde i nærområdet. Mentoren får litt betaling og kostnader dekkja. Midlane er henta gjennom jordbruksavtalen, og Norsk Landbruksrådgjeving forvaltar ordninga. Ordninga har vore landsdekkande sidan i fjor, etter å ha vore eit prøveprosjekt i fire fylke sidan 2017.

I år var det heile 40 søkjarar i Vestland fylke, ein ganske stor oppgang frå året før. Unge og nye bønder ønskte ein mentor i ein erfaren bonde, innan eit fagfelt dei trengte rådgjeving på. Ein grunn kan vere marknadshagekurser i regi av Statsforvaltaren i Vestland og dei nye marknadsmoglegheitene gjennom sal i REKO-ringar. Det er i det heile svært spanande tider for småskala matproduksjon i Vestland, og mange ser no moglegheiten i å kunne leve av eit mindre bruk, med produksjon som før berre få år sidan syntest utenkjeleg.

Det mangla ikkje på tilgang på gode og dyktige mentorar heller, men "potten" frå sentralt hald var for liten. Berre 15 av søkjarane fekk tilbod om å vere med, dette må ein få auka i året som kjem. Det bør spelast inn at potten til mentorordninga bør aukast monaleg i året som kjem, slik at søkjarar som tilfredstiller kriteria ikkje vert ståande utan tilbod.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 1.mars 2021



Tur til Gullbrå øvst i Eksingedalen før framsyninga av «Bondetinget». Generalsekretær i NBS Anders Nordstad, bonden på Gullbrå, NBS-leiar Kjersti Hoff og HBS-leiar Leif Grutle.

Skre Natur- og Miljøvurdering

Konsulent for natur- og kulturfaglege verneverdiar

<p>FAGOMRÅDE:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Overvaking av natur og miljø • Vegetasjonskartlegging • Evaluering av natur- og kulturfaglege verneverdiar • Arealplanlegging i skog- og landbruk • Lokalhistorie og språk • Bygging av internasjonale nettverk 	<p>RÅDGIVINGSTENESTER:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Publikasjonar og databasar • Rapportskriving (norsk og engelsk) • Kurs og konferansar • Foredrag • Utstillingar • Ekskursjonar
---	---

Skre Natur- og Miljøvurdering v/Oddvar Skre
www.nmvskre.no

Kvernabekkveien 72, 5243 Fana • Tlf. 909 64 834 • E-post: oddvar@nmvskre.no

Uttale til Vestland fylkeskommune og Partnerskapen i Vestland.

Desember 2021.

Etter vårt syn, blir det no viktig for landbruket å følgje opp dei gode forslaga/intensjonane som ligg i Hurdalsplattforma. Og samtidig følgje opp budsjettforliket for 2022. Det er svært, svært lenge sidan landbruket har hatt ein slik moglegheit for jamnstilling og endring av retning som no. No gjeld det for heile landbrukssegmentet å lage konkret politikk/verkemidlar for å nå målsetjingane i Hurdalsplattforma og budsjettforliket for 2022.

1. Jamnstilling.

I budsjettforliket står det: «Stortinget ber regjeringa legge fram ein forpliktande og tidfesta plan i løpet av 2022, for å tette inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i samfunnet. Inntektsgapet skal tettes uavhengig av bruksstørrelse, produksjon og landsdel.»

2. 50% sjølvforsyningsgrad.

Desse to føresetningane gjer det både utfordrande og spanande. Korleis klarer me å konkretisere dei nødvendige verkemidlar for å nå desse målsetjingane for landbruket.

3. Fylket si rolle.

Fylket si rolle må vere å kartleggje moglegheitane som er for å vere med på dette.

Når me skal produsere meir av maten vår sjølve, må meir av arealet vårt takast i bruk, og det arealet som blir dårleg nytta, brukast på ein betre måte.

Hurdalsplattforma legg opp til ein skjerpa språkbruk for å beskrive både eigedomsforhold og drift i landbruket.

Under kapittel om eigedomspolitik og vern av matjord, står det at «regjeringa vil oppretthalde odelslova, jordlova og konsesjonslova som rammeverk for eigedomspolitikken i landbruket». I tillegg vil dei «handheve priskontroll, personleg boplikt og driveplikt.»

Er fylke og kommunar klare for dette ?

4. Investeringsmidlar.

Investeringspolitikken har vore, og er, eit av dei sterkaste styringsverktøya i jordbrukspolitikken. No viser det seg sterkare og sterkare at denne politikken ikkje har ført til auka lønsemd i jordbruket, ei heller betra matvaretryggleiken. Auka inntekt til bonden gjer behovet for investeringsmidlar mindre. Og framtidig investeringsbehov må rettast mot 50% sjølvforsyning, klimainvesteringar mm. Grunna eigedomsstruktur, og korleis landet vår er, blir det viktig å ha med oss kombinasjonsbonden framover.

Det er «samfunnsoppdraget», nok og trygg mat på norske ressursar, som gir landbruket legitimitet, og dermed vilje i samfunnet til å gi nok løyvingar til landbruket. Dermed må verkemidlar, investeringspolitikk og betaling til bonden vere innretta mot dette formålet. Det blir også viktig for fylke og Innovasjon Norge å følgje opp budsjettforliket for 2022, der det står at «Stortinget ber regjeringa sikre at investeringsmidlane bidrar til å realisere løsdriftskravet for små og mellomstore bruk.»



5. Kostnadsvekst.

Kostnadsveksten er no i ferd med å kvele landbruket. Sjølv med tilleggsbevilgningar, monnar det i svært liten grad. Spørsmåla er mange. Om situasjonen blir varig, vil landbruket klare å få kompensasjon for dette? Som midlar over jordbruksavtalen, eller høgare prisar i markedet? Eller må landbruket innrette seg med eit lågare forbruk av strøm og driftsmidlar? I så tilfelle krevst det svært store endringar i tankemønster og politikk.

6. Klima

Korleis tilpassar landbruket seg klimaendringane, og korleis klarer landbruket å redusere klimagassutsleppa?

Etter vårt syn har klimadebatten vore prega av for lite kunnskap og feil fokus, mellom anna når det gjeld beitebruk, drøvtyggarar og metan.

Berre for nokre år sidan opplevde desse bøndene, med drøvtyggarar og beitedyr, støtte i samfunnet for viktig arbeid med å vedlikehalde landskapet, sikre biologisk mangfald og hauste verdifull mat frå utmark og fjell. Brått er dei blitt klimaverstingar hjå svært mange. Korleis kunne dette skje?

Hovedgrunnen til klimaendringane ligg i at me har forrykka den hårfine balansen mellom karbon og nitrogen. Karbon som er lagra i olje, gass, hav og jord, kjem meir og meir opp i atmosfæren og forrykkar balansen. For landbruk og samfunn handlar det om å bruke mindre av det som forureinar og stimulere til dyrkingsmetodar som tilbakefører karbon til jorda. Grunna reknemåten me brukar, nasjonale målingar, med svært stor internasjonal handel, kjem ikkje alt fram i ljuset.

Landbruk og samfunn bør i langt sterkare grad fokusere på bærekraft, både nasjonalt og internasjonalt. Samt forvaltning av naturressursar for framtida.

Tillegg:

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag presenterter her nokre tidlege innspel til Vestland Fylkeskommune i samanheng med jordbrukstingingane 2022.

Fylkeskommunen har bede om innspel på nokre punkt som :

- Økonomi- dagleg drift
- Investeringar
- Teknologi
- Klima
- Areal

1.

Ved jordbrukstingingane 2022 skal det leggjast vekt på inntektsvekst i jordbruket, og jamnstelling i høve til andre grupper. Jordbruket ligg langt etter andre grupper i samfunnet når det gjeld betaling for jordbruksarbeidet. Snittinntekt i jordbruket på 135 kroner pr time er uakseptabelt lågt.

Inntektsveksten må koma som auka prisar , og i neste omgang som høgare tilskot over jordbruksavtalen.

2.

Investeringsmidlar , IBU-midlar til overgang til lausdrift må aukast opp, og midlane må no prioriterast til dei minste bruka utan at Innovasjon Norge krev auka produksjon for tildeling. Det er svært mange mjølkebruk som ikkje når kravet om lausdrift dersom ikkje det offentlege prioriterer desse no. Auka lønsemnd i jordbruket generelt vil betra sjangane for at alle mindre mjølkebruk blir med framover.

Investeringar generelt må ha eit stort fokus på at alle mindre gardsbruk skal ta del i dette for dei produksjonane der det er aktuelt med investeringshjelp.

3.

Teknologi. Jordbruket i Vestland Fylke driv ofte på det vanskelegaste arealet i landet. Særleg frukt dyrkinga må få eit større fokus fordi dette arealet er det vanskelegaste og mest utfordrande i eit vanskelegare klima. Fylkeskommunen må freista påverka slik at også frukt/bærdyrkarane i Vestland Fylke tek del i modrene småskala teknologiutvikling slik som er naturleg i resten av jordbruket.

NIBIO Ullensvang vil vera ein naturleg stad der slik teknologiutprøving kan ha tilhaldstad. Midlar gjennom NIBIO og over jordbruksavtalen er naturlege finansieringskjelder, og Fylkeskommunen bør påpeika dette når dei handsamar desse sakene.

4.

Driftsmåtar i jordbruket som ivaretek biologisk mangfald og som held jordbruksjorda evig fruktbar er truleg også det beste klimatiltaket bøndene i Vestland kan bidra med. Politikarane må forstå at mange produksjonsmåtar som fokuserer på effektivitet og store maskinar utarmar jorda og er ein fare for mangfaldet både innan tal bønder og produksjon. For å oppretthalda jordbruksarealet i Vestland Fylke er det i stor grad trong for ei ekstensivering av produksjonsmåtane. Og jordbruksarealet er heilt avgjerande for at klimamåla skal oppnåast. Klimaråd på kvart gardsbruk er bra, men har liten effekt dersom bønder ikkje lenger driftar arealet.

5.

Jordbruksarealet i Vestland Fylke er under «angrep» avdi det moderne jordbruket gjer at mykje vanskelegstilt areal ikkje blir drive . I tillegg gjer moderne mjølkeproduksjon sitt til at mange mjølkekyr på større bruk ikkje beiter utmarks/innmarksareal. Diverre går mykje sau også på dyrkamark og beiter i sommarhalvåret. Vestland Fylkeskommune må hjelpa til med å auka beitetilskot på det arealet det er naturleg å beita skikkeleg. Dette har og med biologisk mangfald å gjera. Tilskota over jordbruksavtalen bør leggjast meir om til større tilskot på areal, og mindre på produksjon. For Vestland er beitetilskota særleg viktige.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

9.des.2021

Kvifor skal eg være eigar av TINE-samvirket?



- Eit samvirke som arbeider for best mogleg økonomisk resultat frå din mjølkeproduksjon
- Trygg og forutsigbar avsetning av mjølka.
- Tilgang til verdfull kompetanse i alle deler av mjølkeproduksjonen.
- Ein gunstig startpakke som ny brukar.
- Eit godt fagleg og sosialt miljø i produsentlaget.
- Eit samvirke som sikrar deg konkurransekraft og påverking vidare i verdikjeda.



Saman skaper me eit levande Norge

medlem.tine.no

Me satsar på kvalitet og service i alle ledd

Slakting, kjøtskjering og foredling av kjøt er våre viktigaste arbeidsområde. Dagligvare, storhushaldning og andre kjøtforedlingsverksemdar er våre kundar. Skjeggerød og Fatland er våre varemerker.

Livdyrhandel, omsetnad av ull, huder og skinn er viktig for at me skal vera eit fullverdig alternativ for leverandørane. Me produserer miljøfôr med matrester frå storhushaldning og biprodukter frå næringsmiddelindustrien.



**FATLAND
SLAKTERIER**

FATLAND ØLEN AS: 53 77 55 00
FATLAND GJESDAL ULL AS: 52 84 30 15

Styret i arbeid

2021 starta med strenge koronarestriksjonar. Dermed måtte me førebu oss på at det ville bli nettbaserte møte framover, i staden for å treffast. Teams har vist seg å vere eit godt verkty når det er vanskeleg å treffast fysisk, og i framtida vil det nok bli nytta som supplement til dei vanlege møta. Fylkesårsmøtet 9.mars måtte føregå på Teams dette året også, og det gjekk greitt. Når det gjeld styremøte fekk me til å treffast tre gonger, noko me alle syntest var veldig kjekt.

Sjølv om me har vore lite på farten dette året, har det likevel vore mykje aktivitet. Spesielt har Bondeopprør 21 sett fart i debatten og skapt engasjement, spesielt på sosiale medier, men og innad i landbruksorganisasjonane. Hordaland Bonde- og Småbrukarlag har delteke aktivt, både i debatten og hatt fleire avisinnlegg.

Grunna den usikre situasjonen med høge koronasmittetal no i starten av året, vart det bestemt at fylkesårsmøtet også dette året blir på Teams. Me håpar dette er siste gongen me må ty til denne løysinga, til neste år håpar me at alle kan treffast til årsmøte og sosialt samver.

Åse-Marie



Styret i HBS 2021: Irene Dalland, Dag Kyrre Lygre, Leif Grutle, Birte Larsen, Jarle Helland, Anders Lundevoold, Arne Lofthus. Tina Bøe Buer var ikkje til stades då bildet vart teke.

NIBIO-rapport 2022:

Framtidig mjølkeproduksjon i Vestland fylke.

Konsekvensar av nye krav om dyrevelferd i 2024 og 2034

Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen og Anders Halland, Avdeling for driftsøkonomisk analyse.

Mjølkeproduksjon er viktig for verdiskaping og sysselsetting i Vestland fylke. Over halvparten av verdiskapinga i landbruket i fylket kjem frå mjølkeproduksjon. Dessutan skaper næringa ringverknader i samfunnet, og er viktig for busetnad og samfunnsaktivitet i mange område i fylket. Robotmjølking har endra mykje i kvardagen for dei som driv i næringa, det gjev større høve til å delta aktivt i samfunnet, då ein ikkje er så avhengig av å vere i fjøset til faste tider. Roboten er ein sterk drivar i utviklinga, og det er få nybygg i dag utan robot. Nye krav til dyrevelferd og innføring av ny teknologi i produksjonen er ei større utfordring i Vestland enn mange andre område. Små driftseiningar og vanskeleg arrondering med mange små og spreidde teigar, og jord som ikkje toler beitetrykk, er utfordringar for vestlandsbonden i tillegg til at økonomien ikkje er tilfredsstillande for mange. Ei spørjeundersøking blant bøndene der nesten halvparten svarde, viser at 19 prosent avsluttar drifta alt i 2024 då dei nye krava til beite og kalvingsbinge trer i kraft. Dei som har problem med å tilpasse seg beitekravet på 12-16 veker, svarer i større grad at dei mest sannsynleg avsluttar produksjonen allereie i 2024. Ytterlegare 24 prosent går ut etter at kravet om lausdrift vert innført frå 2034. På bakgrunn av svara i undersøkinga og opplysningar om mjølkekvote, er det framskriva ein volumprognose på 120 til 145 millionar liter kvote i 2034. Dette er ein nedgang på høvesvis 32 prosent og 19 prosent i høve til dagens volum. Berre knapt ein firedel av mjølkeproducentane svarte at dei hadde nokon som ville overta mjølkeproduksjonen, medan 14 prosent ikkje hadde nokon. Nesten halvparten svarte kanskje, noko som tyder på stor usikkerheit om framtida, også med tanke på rekruttering. Omlag 700 båsfjøs må fasast ut fram til 2034. For å halde oppe fylket sin del av den nasjonale produksjonen i framtida, er det nødvendig å investere mellom 2,5 og 2,8 mrd. kr. Dette er berekna på bakgrunn av same mjølkevolum som i dag. I spørjeundersøkinga blant produsentane, var betre økonomi i produksjonen det viktigaste tiltaket for å auke interessa for framtidig mjølkeproduksjon. Analyse av lønsemda i mjølkeproduksjonen under dagens rammevilkår, viser at det i dag ikkje er lønsamt å byggje ut for buskapar under 35 kyr. Eit tiltak som det er rekna på i analyse av lønsemd, er å auke prosentdelen og maksimalbeløpet for investeringstilskot ved utbygging.

Areal er eit viktig ressursgrunnlag for mjølkeproduksjon. Undersøkinga viser at om lag to tredelar av grovførarealet vil bli nytta som i dag. Om lag 11 prosent av grovførarealet til mjølkeproducentane vil bli liggjande heilt eller delvis brakk etter avslutta mjølkeproduksjon, men det er geografisk variasjon.

Kvotordninga er eit viktig verkemiddel som legg premissar for korleis mjølkeproduksjonen i Vestland fylke og i resten av landet, skal sjå ut i framtida. Mange svarte i undersøkinga at tilgang på rimeleg kvote var viktig for utbygging. Skal ein oppnå målet om at Vestland fylke skal halde oppe sin del av den nasjonale mjølkeproduksjonen etter 2034, er det behov for auka utbygging av nye fjøs. Gode rammevilkår for produsentane er viktig for å halde oppe verdiskaping og sysselsetting.

Regenerativt nettverk.

Vi fekk stor tilslutning av bønder som ville vere med i dette nettverket, som Sogn og Fjordane BS og Hordaland BS tok initiativ til, saman med Sogn Jord- og Hagebruksskule. Søknad om midlar til eit 3-årig prosjekt vart sendt til Landbruksdirektoratet 15. september. Dessverre fekk me avslag på søknaden. Hovedgrunnen var mange søknadar i forhold til det som vart bevilga. Men det viser seg også at embetsfolka i direktoratet ikkje heilt har forstått prosjektet, eller prosjektet ikkje heilt var tilpassa regelverket til direktoratet. Det er m.a. eit klart skilje mellom økologiske og ikkje-økologiske prosjekt. Me ønskte å dra det konvensjonelle i den retning, men ikkje til ei fullstendig omlegging. Dei heftar seg også med allsidigheiten i prosjektet vårt, der me m.a. ville prøve ut biokull, både som gjødsel og jordforbetring, samt betre beiteteknikkar. Dette ville dei at skulle forskast på separat, og ikkje i eit stort samla prosjekt. Med den utviklinga me har sett i dei siste månadar, med galopperande kunstgjødselprisar og stadig større problem med å skaffe råstoff til produksjonen, må noko gjerast. Eit slikt prosjekt, for å få opp jordfruktbarheit og auke jordas evne til å yte utan så store mengder kunstgjødsel, vil vere ein vinn-vinn-situasjon for bonden og klima. Gruppa er no i gang med å diskutere strategi for dette prosjektet framover. Det er stor semje om å prøve på nytt, også gjennom andre kanalar enn Landbruksdirektoratet.

Leif Grutle





REKO

Sidan oppstart av REKO-ring under prosjektet «Matnyttig» i 2017 har utviklingen av REKO-ringer i Norge vore enorm. REKO-ringar i heile Norge har blomstra opp og i august 2021 var det over 134 REKO-ringar i Norge. Interesse for REKO-ringar har vore stor, og NBS har hatt veldig mange henvendingar i forbindelse med REKO og dei ulike utfordringane som salskanalen står i. Difor blei det i desember 2020 sendt inn ein søknad for eit nytt REKO-prosjekt i regi av Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Etter stor pågang hos Innovasjon Norge og ein revidering av søknaden fekk NBS innvilga 1 336 000 kr mai 2021, for eit år med REKO-prosjekt. I juni 2021 ble Marte Olsen ansatt som prosjektleiar og sette i gong arbeidet med «REKO – veien videre». I august 2021 ble Irene Dalland ansatt som vikar for Marte fram til mars 2022, då Marte er i mammapermisjon i denne perioden.

Hovedmåla for prosjektet er:

1. *Et sjølvstendig REKO*
2. *REKO-ringen skal vere ein seriøs plattform for salg av lokalmat og har eit godt omdømme*
3. *God tilgjengeligheit på lokalmat for kunden*

Kva gjer dei i prosjektet?

- Veileder produsentar, administratorar og kunder
- Oppretter ei felles informasjonsside for REKO-Norge
- Kartlegger suksessfaktorar for REKO
- Arrangerer nasjonale og regionale samlingar for produsentar og administratorar
- Ser på alternative bestillingsplattformer og samarbeid med aktørar angående dette.
- Informerar produsentar og administratorer om lovverk, kurs og veiledere via felles facebookgruppe

Norsk Bonde- og Småbrukarlag ynskjer å vere ein brubyggjer mellom produsentane og kompetansenava, gjennom å samanstill informasjon og gjere den lett tilgjengeleg. Prosjektet skal bidra med kompetanseheving og nettverksbygging.

Kartlegging

Prosjektleder har gjort mykje kartlegging av REKO-ringane i Norge de fyrste månadene av prosjektet, vore i kontakt og dialog med forskjellige REKO-ringar i heile landet. Det er store forskjeller på korleis REKO-ringane blir drifta, som følgje av lokale forskjeller og tolkningar av kva REKO er og kven det er for. Denne kartlegginga og dokumenteringen av den har vore viktig for korleis ein skal fortsetje arbeidet med REKO-ringane vidare.

Nettside

Arbeidet med nettsida «www.rekonorge.no» er nesten i mål og dette vil bli ein informasjonskanal til kunde, produsent og administratorar. Der vil du finna informasjon om kvar det er REKO-ringar i Norge, korleis starta opp ein REKO-ring, korleis administrera ein REKO-ring, korleis selga varer på ein REKO-ring, veikart for produsentar og mykje meir. Det vil vere lett tilgjengeleg og oversiktleg. Me vonar at det vil bli lansering av nettsida innan utgangen av februar 2022.

Seminar

Fredag 29.10.21 på kveldstid blei det arrangert REKO-seminar for alle produsenter og administratorer i Norge. Seminaret blei gjennomført på Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, ved Gardemoen utenfor Oslo. I tillegg til fysisk seminar var det streama på internett for dei som ikkje hadde anledning til å reisa til Oslo. På seminaret kom det fram resultat frå forskningsrapporten til Digifood om REKO, info om REKO i Norge i dag, utfordringer og eventuelle løysingar, og erfaringsdeling mellom alle som var til stades.

Dette kjenneteiknar REKO:

- Ein enkel og effektiv metode for omsetnad av norskprodusert mat
- Ein lavterskel salgskanal
- Folkeopplysning
- Ingen mellomledd - høgare fortjeneste til bønder og matforedlarar
- Personleg - ærleg marknadsføring frå produsent til forbrukar
- Møtestad for produsentar og bønder
- Møtestad for medvitne forbrukarar

Irene Dalland

Bondens marknad

På Bondens marknad kan du kjøpe produkt direkte frå lokale bønder og produsentar. Som bonde, er dei einaste krava for å vere med at råvarene skal vere lokale og sporbare, foredlinga skal ha eit handverksmessig og småskala preg, og du som bonde/produsent skal sjølv stå for salet. På denne måten kan kunden kome i direkte kontakt med produsenten, og få gode svar på spørsmåla sine. Som produsent knyter du god og langvarig kontakt med kundane dine.

Den største marknaden i Hordaland er på Fisketorget i Bergen, der det er marknad stort sett annankvar laurdag heile året (med unntak av januar-februar). Vi har i dag 15-20 produsentar med på kvar einaste marknad, men har plass til fleir!

Nytt er forsøk med fleire lokale Bondens marknad i Hordaland. Vi haustar erfaringar gjennom året.

Bondens marknad skal vere ein lavterskel og uavhengig salskanal for lokalmat-produsentar. Kwart lokallag er eigd og styrt av produsentane gjennom samvirkelag, og det sikrar at verdiskapinga kjem produsentane og lokalsamfunnet til gode.

Er du interessert i å vere med? Send ein epost til bergen@bondensmarked.no eller ring Matthijs på tlf: 92242209

Dag Kyrre Lygre

Mentor ordninga i landbruket

Mentorordninga i landbruket inneber at du som er ny bonde gjer ei formell avtale med ein erfaren kollega om å vere diskusjonspartner i drifta gjennom eitt år. Tilbodet omfattar alle produksjonar, også Inn på tunet, lokal foredling med meir. Søknadsfristen er 1. desember for påfølgjande år.

Alle mentorpar er tilknytte ein regionkontakt i NLR. Før dei set i gang får dei opplæring i kva opplegget går ut på og kva det vil seie å vere/ha mentor. Opplæringa skjer regionvis, der mentorar, nye bønder og regionkontaktar i NLR møtes.

– Eg vil sterkt oppmoda alle som er nye i landbruket, eller starter nye næringar på garden, om å søkje Mentorordninga i landbruket, seier Mette Feten som er ansvarleg for ordninga i NLR.

Ho seier også at ordninga har fungert veldig godt. Mange har nytta seg av tilbodet og hatt stort utbytte av å delta. Det er eit gjennomarbeida opplegg med opplæring av mentorar, samlingar og oppfølging gjennom året.

– Du får gode, praktiske råd frå ein erfaren bonde. Av og til kan det vere vanskeleg å spørje ein nabo eller kollega om råd igjen og igjen. Då er det lettare med fast mentor som får godtgjersle, seier Feten.

Ho oppmodar erfarne bønder til å melde seg som mentorar.

– Vi treng fleire dyktige bønder som kan dele av sin kompetanse, seier ho.

Ho meiner det er eit godt tilbod til alle som er nye i landbruket, og oppmodar alle ferske bønder til å søkje.

Mentorpara inngår ein avtale som inneber kommunikasjon og møter gjennom eitt år. Mentor får godtgjering for arbeidet. Tilbodet er gratis for ny bonde.

Har du spørsmål, eller vil melde di interesse som «ny bonde» eller «mentor»?

Sjå www.nlr.no/mentor for påmeldingsskjema, eller kontakt:

Leif Trygve Berge, NLR Vest, 982 45 839, leif.trygve.berge@nlr.no



BU-prisen 2021.

Bedriftsutviklingsprisen i landbruket for Vestland gjekk i 2021 til Siderklynga i Hardanger. I Sørfjorden i Hardanger vert det produsert sider på gardar som ligg på den smale stripa mellom høge fjell og djup fjord.

Hardanger siderprodusentlag vart skipa i 2003, og i 2009 fekk dei godkjent den geografisk beskytta nemninga «Sider frå Hardanger». I dag er det heile 21 siderprodusentar med profesjonelt siderløyve i Hardanger.

Siderklynga har utvikla og kommersialisert koplinga mellom gardsoppleving, transportselskap og lokale hotell. Hovudattraksjonen er båtsafari med besøk på gardsbruk, med sidersmaking og servering av lokalmat. Reiselivsproduktet har slege godt an, trass i to høgsesongar med koronarestriksjonar. Den moderne hybridbåten «Vision of The Fjords» går i fast rute fleire gonger dagleg, og bind slik saman sidergardane langs Sørfjorden. Nytt av året er også restauranten «Siderhuset Ola K», som ligg i sjøkanten på den vesle plassen Nå.

Felles målsetjing og gode samarbeidsplattformer har vist seg å vere ein nøkkelfaktor for framtidig felles suksess. Alle dei 21 produsentane er med i ei eller anna form med leveranse av sider, sidersmaking på båten, hotell og serveringstilbod. Ideen har vore at utviklinga og verdiskapinga innan sider vert større ved å samarbeide.

Siderlaging har lange tradisjonar i Hardanger. Historia fortel at epledyrkinga kom til Hardanger med munkar for rundt 800 år sidan, og sider har vore produsert på gardane sidan 1800-tallet.

Juryens kommentarar: Siderklynga i Hardanger dreg saman og famnar mange i det breie arbeidet som gjev store ringverknader for siderprodusentane, reiselivet og mange andre aktørar i regionen. Klynga er i dag eit viktig kompetanse- og utviklingsmiljø, og siderproduksjonen i Hardanger hadde ikkje vore der den er i dag utan det konstruktive og fruktbare samarbeidet gjennom klynga. Det har ført til ein stor optimisme i fruktmiljøet, samt lokalsamfunna i Hardanger.

Økonomien til dei deltakande bedriftene er god og mange har kome styrka ut av pandemien ved å setje i gang innovative samarbeidsprosjekt, som sidersafari og gardsbesøk. Siderklynga i Hardanger scorar spesielt høgt når det gjeld nytenking og samarbeid på tvers av ulike næringar. Klynga har bidrege med kompetanse og optimisme for heile regionen.

Mjølkepumpe for sau, geit og ku. Enkel i bruk.
Råmjølkserstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr

Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrøyr, røyrdelar m.m.

Nessemaskin
Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00
www.nessemaskin.no

Frukt

Fruktåret for produsentane i Hordaland må vel seiast å vera mellom eit av dei beste i nyare tid. Det var ei svært god bløming i dei fleste frukthagane, der særleg eplebløminga var solid. Den flotte fruktbløminga skuldast nok eit heller svakt fruktår i 2020, og det er diverre eit problem me ser ut til å måtta leva med, sjølv om deler av næringa legg mykje arbeid i å unngå vekselbæring.

Vekselbæring skuldast fleire ting, men vekslande klima/årstemperaturar, for store avlingar eit år, og plantingar med for stor veksekraft er hovudårsaker.

Det er viktig for fruktneringa å få til jamne årsavlingar fordi økonomien til dyrkarane blir meir stabil og betre, og i tillegg må dei som handterer varene lenger ut i verdikjeda i marknaden få så jamne og stabile tilførsler som mogeleg gjennom sesong og ulike år. Klima og tempereaturar rår me ikkje så godt med, men avlingsreduksjon i gode fruktår og kor sterkt frukttrea veks kan me styra betre.

For oss i Bonde- og Småbrukarlaget har dette vore viktige faktorar som me meiner bøndene sjølve må styra fordi mange fruktdyrkarar på alle dei mindre fruktareala styrkjer fruktmiljøet. I arbeidet for å fremja vilkåra for fruktprodusentane går småbrukarpolitikk hand i hand med det faglege. Når våre fruktprodusentar her på vestlandet sit på dei minste, og ofte vanskelegaste areala blir det viktig at politikken frå det offentlege, gjennom jordbruksoppgeret, er retta inn særleg for å halda oppe eit stort mangfald innan næringa. Politikken på dette området var god frå 1986 og utover ei stund, men har vorte utsett for angrep der meir stordrift var målet. Norsk Bonde- og Småbrukarlag, med fylkes- og lokallag har heile tida åttvara mot dette.

Alle fruktlagera i Hordaland er organiserte som samvirkeføretak der produsentane eig 100% av føretaket. Nær alle fruktprodusentar er medlemmer. Fruktlagera er svært profesjonelle med moderne mottak- og pakkeilhøve for frukta. Dei leverer til ulike grossistar, gjerne med kontraktar som spenner over mange år.

For 2021 skjedde det flotte at 2 fruktlager kjøpte seg inn i Hardangersaft på Aga med aksjepostar. Det er sjeldan i dag at primærleddet freistar å få ei hand på rattet når det gjeld vidare verdiskaping av frukt som ikkje går direkte til friskkonsum.

Koronapandemien skapte stor usikkerheit for fruktbøndene i 2021 fordi myndigheitene hadde svært strenge krav til kven som var godkjente for arbeid i frukthagane. Det løyste seg opp til slutt, men svært seint, og mange fruktbønder var sterkt uroa for situasjonen. NBS har for 2022 vore i samtalar med Landbruks- og Matdepartementet omkring situasjonen for komande sesong. Det er kome innspel frå oss i småbrukarlaget her i Hordaland på dette.

Statistikk for fruktavlingar er viktig for næringa, og har vorte laga til gjennom mange år. No er det Fruktlagerinspektøren som heldigvis tek ansvaret, ser nytten og gjer dette arbeidet i samarbeid med fruktlagera.

Prognosen for eple i 2021 var på 10.700 tonn, og dette er høgt samanlikna med dei siste åra. Siderprodusentane er vorte fleire og svært profesjonelle, og tek unna mykje av overskotsepla. Marknaden for friskkonsum eple får problem når mengdene er for store, og for 2021 måtte det regulerast vekk ein del. Det hadde vore fantastisk om mengdene norskprodusert frukt kunne aukast utan at me lagar til overproduksjon, men pr idag er dette vanskeleg å sjå for seg. Importmengdene er store gjennom heile norsk sesong, og det ser ikkje ut for at me greier å få matkjedene med på laget når det gjeld avgrensingar på import. Truleg må gode handelslover vedtekne av Stortinget hjelpa oss, og dette er avhengig av politisk vilje.

Det blir planta store mengder frukttre i alle tradisjonelle fruktdistrikt med Innovasjon Norge-støtte. Mykje tyder på at dette diverre kjem til å skapa ein permanent overproduksjons-situasjon. I tillegg har det vore planta frukttre i Trøndelag med statleg støtte. Dette er dårleg styrd politikk for overproduksjon. Nyplantingar på god kornjord på Austlandet burde heller ikkje skje.

Hordaland har ein svært stor del av landets fruktproduksjon av dei tradisjonelle fruktslaga moreller, plommer, pærer og eple. Med tanke på alt det vanskelege arealet me har er dette imponerende.

Resultat eple gjennom godkjend grossist vart for landet 10312 tonn, av dette frå Hordaland 4204 tonn. Med andrer ord over 40 %. Diverre vart det regulert bort 946 tonn som ikkje kunne seljast som konsumeple. Med ein god del meir «vintereple» kunne bøndene bidrege til å forlengja sesong, og dermed auka konsumdelen av eple.

Av pærer i landet totalt gjennom godkjende grossistar vart det 431 tonn. Frå Hordaland 223 tonn. Det er rom for mykje meir pærer no, og heldigvis ser det ut for at produsentane vil planta meir. I staden for svært mykje hausteple som det kan vera for mykje av, er det smart å freista med populære pærer.

Plommeavlingane for landet vart 1870 tonn, av dette 908 tonn frå Hordaland. Plommer er bra for økonomien, men det bør fornyast med gode tidlegsortar, og gjerne litt meir spreing i utbodet i sesong. Me vonar på sortshjelp frå NIBIO Ullensvang.

Moreller enda på 649 tonn for landet gjennom grossist. Av dette kom 199 tonn frå Hordaland. Det er uheldig for næringa at butikkar og grossist styrer korleis modningsgraden av moreller skal vera ved hausting. Ikkje alle sortar får den beste kvaliteten ved for tidleg hausting.

Arne

Spør oss om:
HMS
Grovfôr og beite
Bygg og økonomi
Maskinteknikk
Plantevern og gjødsling
Frukt, bær og grønnsaker

Norsk Landbruksrådgiving

Vest.nlr.no
 98245838
 vest@nlr.no

HARDANGER
FJORDFRUKT BA

Tlf. 53667016

www.fjordfrukt.no



Korleis går det med norsk matvaresikkerheit når bøndene ikkje orkar meir?

Det går mot likviditetskrise i jordbruket.

Få utanfor næringa ser ut til å vere klar over kor alvorleg tilstanden er for norsk matproduksjon. Mange vil nok tenkje at dette har me høyrte før.

Likevel: No er det grunn til å uroe seg for *framtida* til norsk matproduksjon. Det er dramatisk svak lønsemd og dårleg likviditet grunna ekstrem kostnadsauke på handelsgjødsel, bygningsmaterialar, elektrisk kraft, gass, diesel og plast. Berekningar viser ein kostnadsvekst som overstig den foreløpige kompensasjonen som vart avtalt i tilleggsforhandlingane i haust (754 mill.) med nærare 3 mrd. kr. Hordaland Bonde- og Småbrukarlag er svært usikre på om norske gardsbruk har evne til å bere desse kostnadane fram til dei blir kompensert for i 2023 (avtalen gjeld for kommande år, ikkje for inneverande år).

I Vestland fylke har ca. 120 bruk lagt ned mjølkeproduksjonen frå 2020-2021. Frå 2034 gjeld kravet om lausdriftsfjøs for alle mjølkebruk. I fylket vårt er det i dag berre 33% av bruka som har lausdrift. Situasjonen i landbruket gjer at ombyggingane frå bås fjøs til lausdrift har stoppa opp. No hastar det om ein skal greie å behalde mjølkeproduksjonen i fylket vårt, berebjelken for vestlandsjordbruket.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag ynskjer primært tilleggsforhandlingar med Staten, men det har vist seg vanskeleg å få eit samla jordbruk med på eit slikt krav.

I den ekstraordinære situasjonen norsk jordbruk er i, treng vi raskt å få på plass omforente anslag på auka kostnadar. Norsk Bonde- og Småbrukarlag har bede Budsjettnemnda om nye kostnadsanslag på sentrale innsatsfaktorar i jordbruket, men nemnda ynskjer å utarbeide desse tala til dei ordinære jordbruksforhandlingane. Dette er Budsjettnemnda si oppgåve, men vi meiner likevel at ein må kunne gjere unntak i ein så kritisk situasjon som me er i no.

Forventningane til vårens jordbruksforhandlingar er høge. Kostnadar må kompenserast og inntekta må opp. Ein vesentleg tetting av inntektsgapet må til, som første trinn i den 4-årige jamnstillingsplanen. Men sjølv om me oppnår dette i forhandlingane til våren, er me redde for at det er for seint for mange bønder. Derfor må det leggjast til rette for ein kompensasjonsutbetaling i juni, om ein skal berge likviditet og unngå konkursar.

Innlegg 07.01.2022. Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.



Innlegg: Felde og lausdriftskravet

I Nationen 7. april går leiar i Vestland Bondelag Anders Felde, hardt ut og påstår at Småbrukarlaget vil SKROTE lausdriftskravet. Kvar får han egentlig dette frå? På mitt mål tyder skrote å gjere til skrot, eller skrinleggje. Men er det dette Småbrukarlaget har gått ut med?

Småbrukarlaget ynskjer utbygging i samsvar med lausdriftskravet så snart som mogleg. For å klare det må vi ha ekstra investerings- og lånemidlar tilpassa mjølkebruk under 30 årskyr. Etter at kravet om lausdrift vart vedteke for 16 år sidan har det ikkje vore løyvd nok midlar til å følgje opp vedtaket. Ein stor del av mjølkebruka har framleis bås fjøs, og ein dramatisk del av desse vil ikkje greie å innfri lausdriftskravet innan 2034. Derfor har me foreslege at kravet bør gjelde nybygg. For å styrke dyrevelferda må det tilretteleggjast med tiltak på gardsnivå.

Somme tider er det lurt å trekke pusten litt, særleg når ein er leiar i det fylket som har dei minste buskapane, og der dei færreste har bygd om til lausdrift. 70% av buskapane har framleis bås fjøs. Fyrste bod er å få opp lønsemda på desse bruka, slik at dei skal tørre å investere, og sjå at der kan vere ei framtid som mjølkebonde. Det er svært langt fram til dette i dag.

Og ein løyser ikkje desse utfordringane med store investeringspakkar åleine.

Dei som har levd nokre tiår, har sett ei utvikling med stadig større fjøs, med kyr som mjølkar stadig meir. Medan antall bønder har stuft. Lønsemda er rekordlåg. Lånegjelda har aldri vore større. Jordbruksarealet som går ut av drift er rekordstort. I Vestland fylke er 22% av innmarksarealet ute av drift, medan utmarksareala mange stader gror att.

Sjølvforsyningsevna vår på jordbruksvarer er katastrofalt dårleg.

Og ikkje minst, tilskotsavhengigheiten til jordbruket blir stadig større. Dei fleste bønder klarer ikkje å dekke kostnadane sine med prisar i markedet.

Dette viser at det må til store endringar i jordbrukspolitikken. Er Felde og Bondelaget klar for det?

Samfunnet (Staten) stiller store krav til bøndene om god dyrevelferd, og det skal jordbruket tåle. Men dyrevelferd er så mykje meir enn store fjøs og moderne teknologi.

Beitebruka i melkeproduksjonen har endra seg mykje berre dei siste 20 åra.

Forsamensetjinga til mjølkekyr viste i år 2000 ca. 18% på beite, medan i dag er me komne under 10%. Er ikkje moglegheiten for beiting også eit dyrevelferdskrav? Og korleis løyser me dette utan ein sterk endring i politikken?

Organisasjonane i jordbruket må få Storting til å forstå at skal me klare samfunnsoppdraget vårt, nok og trygg mat mest mogleg på norske ressursar, treng bøndene økonomi som andre i samfunnet, og endring av verkemidla som gjer det mogleg å utføre dette viktige samfunnsoppdraget.

Jordbruksforhandlingane er rett rundt hjørnet. Der skal dei store orda omsetjast til politisk handling. Er det råd å håpe på hjelp av Bondelaget til dei endringar som må til?

Leif Grutle, leiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Rekneskap 31.12.2021	Rekneskap 2021	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter.			
Kontingentar	200 872	175 000	200 000
Sekretærtiilskot NBS	35 000	35 000	35 000
Lysingar i årsmeldinga	43 100	40 000	45 000
Møte - studietiilskot	0	20 000	10 000
Medlemstiilskot	28 350	30 000	28 000
Andre inntekter	150	7 000	500
Renteinntekter/kundeutb.	385	200	400
Sum driftsinntekter	307 857	307 200	318 900
Driftskostnader.			
Utgifter sommarsamling	0	0	15 000
Løn leiar	25 000	25 000	25 000
Løn sekretær	135 500	134 000	141 000
Div. adm. Kostnader leiar	7 000	7 000	7 000
Arbeidsgivaravgift	22 630	22 420	23 406
Kontorutgifter/telefonutg. Adm. Sekretær	12 500	11 000	11 000
Styreutgifter	12 152	10 000	17 000
Årsmøte	0	0	0
Årsmelding m/utsending	32 825	32 000	35 000
Reiser og representasjon	9 040	15 000	15 000
Kurs, møter, informasjon m.m	1 042	5 000	3 000
Lysingar, honorar	0	1 000	2 000
Porto, tidsskrifter m.m. sekretær	2 749	6 000	5 000
Rekneskap og kasserarverksemd	17 381	13 000	17 000
Tiilskot til lokallaga	0	0	0
Forsikring	1 181	1 300	1 300
Gåver og helsingar	0	5 000	3 000
Standutgifter	0	10 000	10 000
Andre utgifter	9 658	6 000	6 000
Renteutgifter/tap på krav	1 200	1 000	1 000
Sum driftskostnader	289 858	304 720	337 706
Driftsoverskot/underskot	17 999	2 480	-18 806

BALANSE 2021	
Omløpsmidlar.	
Kundefordringar	3 800
Sum fordringar	3 800
Sum bankinnskot og kontantar	254 646
Sum omløpsmidlar	258 446
Sum eigendelar	258 446
Eigenkapital 0 01.01.2021	240 447
Sum innskot eigenkapital	240 447
Overført resultat	17 999
Sum eigenkapital 31.12.2021.	258 446
GJELD	
Sum leverandørgjeld	0
Skuldig skattetrekk	0
Skuldig arb. Avgift	0
Offentlige avgifter	0
Skuldig lønn	0
Påløpt kostnader og forskotbetalt inntekt	0
Sum gjeld	0
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	258 446
Voss 01.02.2022.	



Klede med NBS-logo.

No er det endeleg mogleg å skaffa seg arbeidsklede og andre ting med småbrukarlagslogo på!



NBS-arbeidstøy

Landsstyret overførte ansvaret for arbeidstøy-avtale til Troms BS, og nå er vi endelig i havn!

Som NBS-medlem får du 30% rabatt på hele katalogen til Wenaas. Det betyr både arbeidsklær, skalljakker, T-skjorter, verneutstyr, ullundertøy, regntøysett, blant annet.

Det er satt opp en basiskolleksjon hvor man enkelt og greit krysser av om man vil ha NBS-logo på rygg og/eller bryst/lårlomme. I tillegg er det mulig å få satt logo på nesten alle andre artikler ved å kontakte Wenaas direkte.

For å se utvalget, gå til www.wenaas.com og velg nettbutikk. Merk at det finnes fargealternativer for flere av plaggene.

For å få tilgang til NBS-avtalen, send e-post til troms@smabrukarlaget.no og oppgi navn, postnummer og e-post-adresse.

Jeg oppretter brukere en gang per dag, og du får da en e-post fra Wenaas med et engangspassord for innlogging i nettbutikken. Passordet bytter du ved første gangs bruk.

Kontakt Margrethe Figved, fylkessekretær i Troms Bonde- og Småbrukarlag

Slik kan en se ut med ny k



Landbruksmekanisk Inge Hjelle

Stolt forhandler av **McHale** og **CASHELS Engineering**

Utstyr for rundballepressing, pakking og handtering.



Det beste alternativet for dei som ynskjer breiplast er utan tvil, McHale Fusion 3 plus med breiplastbinding og touchskjerm styreboks.

Nokre nye og brukte maskiner på lager.

Lagerrydding av handteringsutstyr, sterkt reduserte prisar!

Skal du ha ny presse i år? Eller kanskje ei ny klype? Gjer gode handlar no! Handteringsutstyr vert lagerført for kjapp levering, hurtigfeste etter ynskje.

For komplett sortiment sjå importørens heimeside www.maskindrift.no

Elles det meste i diagnose, reparasjon og vedlikehald av traktor og landbruksreiskap. Tek og noko sveising av stål, rustfritt og aluminium.

Kva kan eg hjelpe deg med?

Ta kontakt heilt uforpliktande, så ser me kva me får til!

Landbruksmekanisk Inge Hjelle når du på tlf: 959 62 998

Vi ønsker Hordaland Bonde og Småbrukarlag lykke til med årsmøtet og et viktig arbeid for Norsk landbruk. Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid.



OPPROP:
UTAV **EØS!**

**Meld
deg inn i
Nei til EU
med SMS**

Send følgende SMS-
melding NEITILEU
<DITT NAVN OG
POSTADRESSE> til
2090 (200,-)

Hvorfor skal EU bestemme over Norge når folket har sagt nei? Vi krever at folkestyret respekteres! **Signer her: www.utaveos.org**

Hordaland Nei til EU www.neitileu.no

